

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--------------|------|------------|
| 103/19 | Heradsstyret | PS | 11.12.2019 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Anders Gulowsen | 14/324 |

4. gongs handsaming Plansak 12532014003 - Detaljregulering I2 Gloppemyra Næring - Hauge

Vedlegg:

Føresegner 24.10.19
Illustrasjon_3D_oppfylling
Illustrasjonsplan_20191022
Plankart_20191022_12532014003
Planskildring Gloppemyra – 20191003pdf
Profiler_gangveg
Skredfarerapport
Sol og skuggeanalyse
Teknisk teikning veg_TC002
Teknisk teikning veg_TC003
VA-rammeplan
Vedlegg_skredfare 1-5
Verdivurdering biologisk mangfold

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av plan og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til plan for Detaljregulering av I2 Gloppemyra Næring - Hauge, planID 12532014003, med plankart dagsett 22.10.2019, føresegnsdagsett 24.10.2019, planskildring dagsett 03.10.2019, VA-rammeplan dagsett 13.05.2015 og andre tilhøyrande dokument vedlagt i saka, vedteke.»

Heradsstyret - 103/19

HS - behandling:

Saka vart handsama etter sak 104/19, jfr. vedtak om endra saksrekkjefølgje.

AVRØYTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke

HS - vedtak:

«I medhald av plan og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til plan for Detaljregulering av I2 Gloppemyra Næring - Hauge, planID 12532014003, med plankart dagsett 22.10.2019, føresegnsdagsett 24.10.2019, planskildring dagsett 03.10.2019, VA-rammeplan dagsett 13.05.2015 og andre tilhøyrande dokument vedlagt i saka, vedteke.»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Planframlegget gjeld detaljregulering av mellombels deponi og framtidig næringsområde i Gloppemyra, Hauge gbnr 4/1 og 4/2. Tiltakshavar er Osterfjord Maskinstasjon AS og AS Oster Transport & Entreprenørforretning. Utførande plankonsulent er Arkoconsult.

Planframlegget har vore ute på høyring og offentleg ettersyn to gonger og har vore på avgrensa høyring til merknadsstillarane ein gong.

Planframlegget var ute til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn i perioden 14.11.16 – 31.12.16. Det kom inn tre merknadar og ei motsegn frå Statens vegvesen. Desse er omtalt i tidlegare høyringsrunde.

Planframlegget var ute til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn i perioden 05.09.18 – 19.10.18. Det kom inn tre merknader og ei motsegn frå Statens vegvesen.

Motsegna frå Statens vegvesen har ført til endringar i planframlegget. For å finne ei løysing, vart det gjennomført dialogmøte med Statens vegvesen. I tillegg har det vore gjennomført vegtekniske utgreiningar ved Asplan Viak, der ein såg på ulike løysingar. Stigningsforholda har og vore ein utfordring å løyse.

Då endringane ikkje er av prinsipiell karakter og berre angår deler av planen, i hovudsak vegtekniske løysingar, vurderer rådmannen at saka kan handsamast administrativt jamfør delegeringsreglementet, H-SAK 074/18, og vart sendt på avgrensa høyring.

Planframlegget var ute til avgrensa høyring i perioden 25.10.19 – 06.12.19. Planframlegget vart sendt til Statens vegvesen, Fylkesmannen i Vestland og Hordaland Fylkeskommune. Det kom inn tre merknadar.

Planframlegget omfattar:

- Plankart (22.10.2019)
- Føresegner (24.10.2019)
- Planskildring (03.10.2019)
- VA-rammeplan (13.05.2015)
- Teknisk vegteikning 00TC2
- Teknisk vegteikning 00TC3
- Profil, gangveg
- Illustrasjonsplan (22.10.2019)
- Illustrasjon 3D, oppfylling
- Sol- og skyggeanalyse
- Skredfarerrapport (22.02.2017)
- Vedlegg skredfare 1-5
- Verdivurdering av biologisk mangfold (12.05.2015)

Merknader til planframlegget:

| Avsender/ Hovudpunkt i merknad/uttale | Forslagsstillers kommentar | Rådmannen sine vurderinger av dagens planframlegg i høve til merknadene |
|--|----------------------------|---|
| Fylkesmannen i Vestland | | |

| | | |
|---|--|---|
| | Ingen merknader til planen | |
| Statens Vegvesen | | |
| Ingen merknader til planen. | | |
| Hordaland fylkeskommune HFK meiner at 3. gongs planforslag er mindre opplysende enn dei føregåande planforslaga når det gjeld kva massar som er tenkt bruk til utfylling i planområdet, med unntak av moglege massar frå Espevoll. HFK visar til <i>Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023</i> (kgl. res 14.05.2019) der det er sett som viktig med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp ved uttak av byggjeraåstoff til byggje- og anleggsføremål. | Tatt til orientering. Tiltakshavar i dialog med Statens Vegvesen om mottak av massar frå K5, Arna-Stanghelle. Hordaland Fylkeskommune kommenterer at avstand frå Arna/Trengereid er på ca. 15 km, og at dette då ikkje vert å rekne for kort transportavstand. Gloppe myra er pr. dags dato det nærmeste tilgjengelege massedeponiet for mottak av massar frå K5-anlegget, og det er difor aller høgaste grad aktuelt å ta i mot massar frå dette prosjektet. | Planforslaget som vart sendt ut på 3. gongs avgrensa høyring var mindre opplysende fordi det etter 2. gongs handsaming ikkje var andre merknadar enn motseigna frå SVV på avkøyring frå FV. Kommunen legg til grunn at andre forhold er avklart gjennom 2. gongs høyring. Planområdet egner seg godt til massehandtering av byggjeraåstoff til byggje- og anleggsføremål. I nærområdet og i regionen er det mykje aktivitet som gir overskotsmassar, og det vil derfor være eit stort behov for areal til deponi. Store delar av vegen til planområdet har i tillegg god standard, i motsetning til andre potensielle areal. |
| HFK meiner bruk av jord- og steinmassar frå anleggssarbeid i dette tilfellet klart vil komme inn under bruk som, i følgje Miljødirektoratet sitt faktaark M-1243/2018, vil vere avhengig av eit særskilt unntak frå forureiningslova §32. HFK rår til at føresegn 2.1.3 i reguleringsplanen vert endra slik at det berre kan deponerast inntil 300.000 m ³ reine massar, før ein | Vedrørande unntak frå forureiningslova så er dette evt. noko som må avklara i forbindelse med drift (driftsplan) av deponiet. Dersom det er naudsynt med eit unntak frå lova, så vil det sjølvsagt verte søkt om dette. For å følgje planen og oppnå rett planeringshøgde så må det deponerast meir enn 300.000 m ³ i planområdet. | Det er ein føresetnad at massane som handterast er reine. Dette er sikra gjennom føresegn 2.1.6. I tidlegare planforslag, som HFK ikkje har hatt merknader til, er det lagt inn moglegheit for å deponere inntil 1 million m ³ . |

eventuelt må gjere ei reguleringsendring for å auke mengda ytterlegare.

Bakgrunn

Planen har vært ute på 3. gongs høyring, som vart gjennomført som ein avgrensa høyring fordi det berre var motsegna frå Statens Vegvesen som stod att. Motsegna er knytt til trafikktryggleik og opparbeidning av kryssløysing til fylkesvegen.

Statens vegvesen har trekt motsegna til planen.

Endringane i føresegnene er formulert med tanke på å sikre krava til Statens Vegvesen om opparbeidning snarast råd i samband med vedtak av reguleringsplanen.

Vurdering

Rådmannen vurderer at dei endringene som er gjort sidan 3. gongs høyring stettar Statens vegvesen sine krav til trafikktryggleik, og at planframleggget er godt gjennomarbeidd. Rådmannen tilrår med dette vedtak om å godkjenne Detaljregulering 12 Gloppe myra næring – Hauge planID 12532014003

Folkehelse

Området si plassering gjer at det er godt egna til næringer som kan gi støy, lukt og andre plagar som kan redusere folkehelsa. Planen legg opp til gode vilkår for gåande og syklande til framtidige arbeidsplassar.

Vegen inn mot planområdet vert nytta til turveg, og vil framleis kunne nyttast til dette.

Miljø

Dette ei god løysing med tanke på massehåndtering, fordi området er sentralt plassert med god infrastruktur som minimerer transport og miljøbelastninger. Regionen har mykje overskotsmassar og det er viktig å sjå på stein som ein ressurs.

Økonomi

Planen vil ikkje medføre nokon juridiske eller økonomiske forpliktingar for kommunen.

Konklusjon

Med bakgrunn i sakens tidlegare behandling og dokumentar slik dei ligg føre, tilrår rådmannen at saken vert vedteken.